



Villanger & Sønner AS
KNARVIK
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/550 - 17/19629

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
17.07.2017

Svar på spørsmål som gjeld dispensasjonsvedtak - gbnr 214/38 Fyllingsnes

Viser til din e-post datert 28.06.2017 der du stiller spørsmål om til dispensasjonen gitt i sak 2010/2142 vedtatt 30.01.2013 kan leggest til grunn ved innsending av ny søknad om oppføring av bustad på eigedommen. Du viser til at de vil avslutte saka der det er gjeve rammeløyve for oppføring av bustad med leilighet, løyve datert 05.06.2015, og sende inn nytt revidert prosjekt som ein søknad i eitt trinn.

Spørsmålet gjeld om dispensasjonen gitt i vedtak datert 30.01.2013 kan gjerast gjeldande ved innsending av søknad i eitt trinn for oppføring av ny bustad på eigedommen.

Lindås kommune har tatt spørsmålet opp med Kommunal- og moderniseringsdepartementet fredag 14.07.2017. Tilbakemeldinga frå dei er at dei er tvilande til spørsmålet om det er nødvendig med ny dispensasjon, og dei vil ta opp spørsmålet internt i departementet. Vi kan forvente svar innan 12 veker.

Etter ei foreløpig vurdering er Lindås kommune sitt syn i saka at innsending av ny søknad i eitt trinn for oppføring av bustad på eigedommen vil krevje ny dispensasjon.

Dispensasjonsvedtaket er datert 31.01.2013. Etter plan- og bygningslova § 21-9 1.ledd står det at «*Er tiltaket ikke satt i gang senest 3 år etter at tillatelse er gitt, faller tillatelsen bort. Det samme gjelder hvis tiltaket innstilles i mer enn 2 år. Disse bestemmelser gjelder tilsvarende for dispensasjon. Fristene kan ikke forlenges.*»

Søknad om rammeløyve vart sendt til Lindås kommune før fristen for dispensasjonsvedtaket gjekk ut.

Ny søknad om løyve i eitt trinn vert sendt inn etter at tre års fristen for dispensasjonsvedtaket er gått ut. Når ny søknad ikkje kan reknast som ei endring av løyvet som alt er gjeve på eigedommen, vil ny søknad verte vurdert på bakgrunn av det forholda som ligg til grunn på vedtakstidspunktet for handsaminga. Dispensasjonsvedtaket er alt gått ut, og kan etter vår vurdering ikkje leggest til grunn for innsending av ein ny søknad.

Vi gjer merksam på at Bjørnar Vatnøy som var søkar i sak 2010/2142 vart opplyst om gyldigheten av vedtaket i e-post datert 25.03.2013, sjå vedlegg.

Lindås kommune vil rette seg etter den vurderinga som departementet legg til grunn.



Vi rår difortil at ein avventar innsending av ny søknad i saka til departementet har gjeve sin uttale på spørsmålet om dispensasjonen kan gjerast gjeldande ved innsending av ein ny søknad.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Endeleg vedtak i saka - gbnr 21438 Fyllingsnes

Mottakarar:

Villanger & Sønner AS

KNARVIK

5914

ISDALSTØ